



Uskedalingane sviktar ikkje basarane

Uskedalen er kjend som ei basarbygd, Dei 4 basararrangørane som er i aksjon nesten kvart år får inn godt over 100 000 kroner og dei sviktar ikkje i 2015 heller. I ettermiddag vart resultatet av den tradisjonsrike helselagsbasaren i Helgheim rundt rekna 38 000, 2000 mindre enn i fjor og det var leiinga svært godt fornøgd med. Laget har allereie løyva 20 000 kroner til dei tradisjonelle føremål kraftforskning, behandling av tuberkulose og hjarteskjukdom. Det gode frammøtet fortalde i høg grad at basarbygda held stand, for frå start var nærmare 70 på plass i Helheimkjellaren.



Eli Roseth Eik med dokka som alltid er med

Veteranane held ut sjølv om til dømes Margit Eik vart med så tidleg som i 1961. No trugar den mangeårige leiar Selma Eik med å takka for seg, men det har ho også gjort før. Ho ynskjer at yngre krefter tek over. - No er det heilt sikkert slutt, seier Selma som leia også denne basaren med stor rutine, saman med kasserar Klara Bakke og nestleiar Eli Roseth Eik. Det vart satsa både på årer og lodd og gevinstlista var imponerande sjølv om kanskje prkken over i-en ikkje var der. Mangfaldet var i alle fall på plass, for ein kunna vinna frå vaffeljern til langband til hardangerbunaden for å ta med nokre døme. Dokka og blomane var sjølsagt også på plass. Iberekna matøkta vara basaren i nærare 3 timar og var ein triveleg sundagstreff.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Nøkkelpersonar i ein driftig forening. Klara Bakke, Selma Eik og Margit Eik (frå høgre)